



Nr. 3 1978

19. årgang

Løssalg kr. 5,-

SPRÅKLIG SAMLING PRESENTERER BRASILIANSK-SVENSK LYRIKER: GUILLEM RODRIGUES DA SILVA

TILL DIG

*Ingen människa
ingen nation äger rätt
att döma hundratusentals människor
till ordlösheten
att döma hundratusentals människor
till en hybridism som skapar monstrar
Låt oss tillsammans gry dagen
timmen
ögonblicket
då vi återvänder till våra vackra språk*

Fleire dikt side 7—9!

-
- ✧ Stor artikkel av Geirr Wiggen om språkforhold og språknormering i Danmark
 - ✧ LSS krever norsk som obligatorisk fag i lærerutdanninga
 - ✧ Debatt og småstoff
 - ✧ Innkalling til landsmøte i LSS 29. okt.
-

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Postboks 636, Sentrum Oslo 1.
Medlemspenger, kr. 30,— pr. år.
Postgiro 5163787

Leiar: Geirr Wiggen,
Strandstykke 67,
2400 Elverum.

Den muntlige undervisninga i skolen

I 1878 vedtok Stortinget at undervisnings-
språket i skolen skulle være talemålet til elev-
ene. Dette betydde at elevene kunne bruke sitt
eget talemål i skolestua, og at lærerne så langt
som mulig skulle ta omsyn til dette talemålet i
undervisninga si. Argumenta for denne bestem-
melsen var både nasjonale og pedagogiske. Ele-
vene talte *norske* dialekter, og det skrift-
språket de lærte, var i all hovedsak dansk. Det
var viktig at ikke dansk skulle påvirke de nor-
ske målføra mer enn nødvendig. Pedagogisk
blei det lagt vekt på at barna ville lære både
lettere og mer dersom undervisninga var på
det målet de sjøl kjente og brukte.

I 1915 og 1917 kom dette viktige prinsippet
med i skolelova — og er der den dag i dag. Vi
trur likevel det er nødvendig å minne om dette,
for litt for ofte hører vi om lærere som i mis-
forstått iver «retter» elevenes talemål. Det kan
gjelde trykkforhold i enkeltord der såkalt «nor-
malisert» talemål tilsier en annen trykkplas-
sering enn den som er vanlig i mange dialekter,
eller verbalformer som avviker fra det som
er tillatt i skriftspråka (*bærte* og *skjærte* f. eks.).

Stortinget har flere ganger innskjerpa be-
stemmelsen i skolelova om dette, sterkest gjen-
nom et *enstemmig* vedtak i 1924:

«Stortinget henstiller til KUD å påse, at fol-
keskolens bestemmelser om elevenes rett til å
benytte sitt eget hjemlige talemål i skolen og
til såvidt mulig å få sin undervisning på dette
målføre blir etterkommet lojalt og uten inn-
skrenkninger fra skolemyndighetens side.»

Dette vedtaket kom etter at skolestyret i Ber-
gen hadde vedtatt at lærerne skulle bruke og
elevene lære «korrekt riksmål». I 1925 sendte
KUD ut et rundskriv om at hvis flere skolesty-

rer vedtok noe slikt, var det klart ulovlig og
ikke bindende verken for lærere eller elever.

I år er det 100 år sia Stortinget vedtok dette
prinsippet, og i de siste 10—15 åra har språk-
sosiologisk og språkpsykologisk forskning vist
hvor riktig en slik politikk er overfor barna.
Flere utenlandske språkforskere har i det siste
pekt på Norge som et foregangsland her.

Likevel ser det ut til at lærerutdanninga vår
legger liten vekt på å informere kommende
lærere om denne viktige norske tradisjonen.
Stortinget var 100 år forut for si tid da det ved-
tok prinsippet om elevenes rett til sitt eget
talemål i skolen, og lærerutdanninga mangler
noe vesentlig når så mange lærere i dag ikke
kjenner til hva skolelova sier på dette punktet.
Lova sier også at lærerne skal «i ordtilfang og
uttrykksmåte ta omsyn til talemålet til elev-
ene». Tidligere blei dette tolka slik at lærerne
skulle legge sitt talemål så nært opp til elev-
enes som mulig. Ei slik tolking bør etter vår
mening legges til grunn også i dag.

Kanskje det er på tide med et nytt rundskriv
fra KUD?

Betaling for 1978

Det er framleis ein del medlemmer og abon-
nentar som ikkje har betalt for 1978. Kasseraren
er svært ivrig etter å få inn pengane — det er
han alle rekningane kjem til! Send pengane —
kr 30,— — til Landslaget for språklig samling,
postgiro 51 63 787.

MELD DEG INN I LSS!

FRAM FOR FOLKEMÅLET!

INNKALLING TIL LANDSMØTE I LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Styret kaller inn til landsmøte i organisasjonen *søndag 29. oktober 1978 kl. 1000*. Møtet blir holdt i Lektorenes hus, Wergelandsvn. 15, Oslo.

Saksliste:

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Økonomien i laget
4. Arbeidsoppgaver framover
5. Valg

Etter det ordinære landsmøtet vil det være et åpent møte med paneldebatt i høve LSS sitt 20-års jubileum neste år: «Tilbakeblikk og perspektiv over samnorskpolitikken».

MELD DEG INN I LSS!

Kryss av og send slippen til Landslaget for Språklig Samling, Postboks 636, Sentrum Oslo 1.

- Ønsker å bli medlem av LSS
- Ønsker opplysninger om LSS
- Ønsker å abonnere på bladet Språklig Samling.

Navn:

Adresse:

NOEN MERKNADER OM SPRÅKTILHØVE OG SPRÅK- NORMERING I DANMARK

Av
GEIRR WIGGEN

Det er fleire grunner til at vi i Noreg kan ha nytte av å vende merksemda mot måltilhøva i nabolandet Danmark. Dels er det slik at dansk språk stadig har vore trekt inn i målstridsordskiftet her heime. Når det har skjedd og framleis skjer, er det ofte på eit vis som gir oss førestellingar om dansk språk som anten er uklære, mangelfulle eller stundom beint framgalne. Dels har nordisme vore eitt av dei sentrale prinsippa for skriftspråksnormeringa både her til lands, i Sverige og Danmark, særleg sidan andre verdskrigen. Når dei nasjonale språkråda har skulla fastsetje rett skrivning av einskilde ord og ordgrupper, har dei freista ta omsyn til korleis desse orda og ordgruppene er normerte i nabolanda. Dette samnordiske normeringsarbeidet har mellom anna gitt seg uttrykk organisatorisk i det nordiske språksekretariatet som no er etablert og som kjem i arbeid frå i år. På grasrotplan har nordismen elles funne talsmenn her heime som vil knyte det samnordiske målstrevet til ein vidare økologisk strategi. Eg vil ikkje seie at det er eit nytt element i den nordistiske tankegangen, men det er likevel artikulert klårare enn vi er vane med og kanskje med nærare tilknytning til eit demokratisk prinsipp enn tidlegare. Dei danske mål- og normeringstilhøva reiser dessutan spørsmål om dialektbruk og normkrav som kanskje ikkje er like lette å stille utifrå vår eigen situasjon, og som derfor kan hjelpe oss til å nyansere og utdjupe holdningar til normeringsspørsmål som er utarbeidde i Noreg. Samstundes er eg fri nok til å tru at den jamføringa med norske tilhøve som ikkje er til å unngå i ei framstilling av dei danske språk- og normforholda for eit norsk publikum, også kan romme tankar som danskar kan dra nytte av i sitt språkpolitiske ordskifte, eit ordskifte som har lege nede lenge. Denne artikkelen er likevel ikkje meint som ei misjonærpreike, men som

ei opplysning og påminning for dei norske om visse sider ved dansk målrøyndom, og som ei drøfting av eigne og andre sine holdningar til forholdet mellom normalmål og ikkjenormaliserte dialektar.

Kva er dansk?

Det er banalt å minne om at det danske språket opptrer i ulike varianter, liksom eitkvart anna språk, men det kan vera på sin plass med ei slik påminning når ein tenkjer på dei stereotypiane ein kan støyta på i det norske målordskiftet. Norsk mot dansk, seier somme. Og når dei skal peike på kva som gjer dansken så framand for oss norske, er det særleg to strukturdrag som blir haldne fram: tokjønnsystemet og mangelen på diftongar. Tre kjønn og diftongar blir såleis framstilte som noe særnorsk. Det er vel grunn til å tru at eit fleirtal av norske kvinner og menn knyter dei nemnde to strukturdraga til førestellinga dei har av dansk språk (om dei i det heile har slike førestellingar). For slik er det danske språket vi ser på prent, og stort meir nyansert enn som så er truleg ikkje nabospråksundervisninga i norsk skule heller.

Men i røynda er det annleis. Sjå til dømes det danske målversynet til Ringgard (1973): Berre i standarddialekten (rigsdansk), på noen små sørfynske øyar og Amager og i eit relativt lite område aust og sør på Jylland rår tokjønnsystemet (*en mand, manden; en kone, konen; et hus, huset*). I det meste av landet er dei opphavlege tre kjønna oppretthaldne, om enn i andre former enn i Noreg (*i(n) mand, mandi; en kone, konen; et hus, huset*; dessutan nyttas pronomena *han* og *hun* anaforisk til han- og hokjønns substantiv respektive: *i(n) særk — han, en skjorte — hun*). Vest-Jylland står i ei særstilling med berre ei kjønnsmarkering (t.d. *en mand, en kone, en hus*, men det om stofford:

det jord, det mælk, det sand).

Dei ulike kjønnssystema er faktisk eitt av hovudskiljemerka mellom dei ulike danske folkemåla ved sida av 1) skilnadene i 1. person eintalsforma av det personlege pronomenet, som har forma *ja* i austdansk (Bornholm, Sør-Sverige), *jæ/je* i øydansk og *a/æ* i vestdansk (dvs. eit skilje mellom brotne former, som i austnorsk *jæi*, *jæ*, *je*, og ubrotne former, som i vestnorsk *eg*, *e*, *æ*, *æg*, *æi*, *i*), og ved sida av 2) endingsvokalen i infinitiv av tostavingsverb, som er *-a* i austdansk (*skriv*a, *tal*a), redusert til *-e* i øydansk (*skriv*e, *tal*e) og heilt borte (apokopt) i jysk *skriv*, *tal*).

Det er andre sentrale dialektkiljemerke òg. Mest kjent for dei som les dansk skjønnlitteratur (t.d. romanane til Hans Kirk), er truleg det tilhøvet at vest- og sønderjysk ikkje har etterhengt bunden artikkel. Medan det i resten av Danmark heiter *mandi* eller *manden* og *konen*, heiter det her *æ mand* og *æ kone*. Men ein skil òg mellom danske dialektar etter korleis tilhøvet er mellom monoftongar og diftongar. Tvers gjennom Fyn går det til dømes ei slik grense. På vest-Fyn heiter det *bæjn* (bein) og *øjre* (øyre), medan austfynsk har *b(i)en* og *(y)øre*. At diftongane *æj* og *øj* ikkje er gamle, uendra norrøne diftongar, men er sekundært utvikla av lang *e* og lang *ø*, er eit historisk forhold som ikkje rører ved det faktumet at desse og andre diftongar er i levande bruk i dansk. Slike diftongar som er utvikla sekundært i høve til norrønt, har vi elles i norske folkemål også (t.d. *øy* i *brøyt*, *skøyt*) utan at det gjer desse folkemåla ringare eller mindre norske. Og den prosessen som har verka til å forenkla mange av dei opphavlege diftongane i dei fleste danske dialektane, veit vi jo har verka likeeins over store og folkerike delar av Noreg òg (store delar av Østfold, Akershus, Hedmark og Trøndelagsfylka, med sentrum i Sør-Trøndelag).

At dansk og norsk mål er grunnleggjande ulike, særleg på grunn av eit system med to kjønn mot tre og eit system med monoftongar mot eitt med diftongar, er — som ein skjønar — ei svært forenkla og stereotyp førestelling. Diftongar og (særleg) tre kjønn er utbreidde drag i den danske målstrukturen.

Men dei er det ikkje i den dialekten dei kallar *rigsdansk* og som har sitt opphav i københavndialekten. No har vi gjennom målreisninga i Noreg halde fram i mannsaldrar at det eine folkemålet ikkje er betre enn dei hine, at eitt mål ikkje må dominere fleire andre, og at det mest tenelege for folkefleirtalet når det skal lesa og skrive derfor må vera eit skriftmål som tar opp i seg og byggjer på det som er felles i folkemåla. Da verkar det korttenkt og lite solidarisk med det danske folket når ein stundom kan høyre tilmed nynorskefolk hevde at dansk

(dvs. rigsdansk) nok kan høve vel for danskane, men ikkje for dei norske. At det danske riksmålet ikkje høver på norsk målområde, er greitt nok. Men det er ikkje det mest høvelege skriftmålet for store grupper danskar heller, om ein legg same prinsipp til grunn for vurderinga av det danske språksamfunnet som for det norske. Jamfør ein standard-dialekten i Danmark med dei andre danske dialektane, vil ein sjå ei rekkje skilnader både i det sentrale grammatiske systemet og i lydverket. Det er med andre ord ikkje berre tale om ulike aksentar, men om sentralt skilde dialektar. Rigsdansk skil seg konkret frå andre hovuddialektområde m.a. på desse punkta:

- 1) i fonemsystema, både for vokalar og konsonantar; (i måla nord for Limfjorden finn ein t.d. 32 vokalfonem, i rigsdansk reknar ein med 20);
- 2) m.o.t monoftongar/diftongar (sjå døme ovafor);
- 3) i utviklinga av endevokalen i tostavingsord (sjå døme ovafor);
- 4) i kvantitetssystemet; (dobbeltskriving av konsonant eller ikkje: *mussefelle* — *musefelle*, *riddesti* — *ridesti*);
- 5) når det gjeld palatalisering av *k* og *g* (*gæs* — *djæs* (Læsø, Bornholm, Vendsyssel);
- 6) i artikkelstillinga (sjå døme ovafor);
- 7) i genussystemet (grammatisk kjønn; sjå døme ovafor);
- 8) i numerussystemet (*drenge* — *drenger* (austjysk), *huse* — *hus* (Bornholm));
- 9) i kasussystemet (t.d. s-genitiv — omskrivingar med pronomen og preposisjonar som er generelt utbreidde, men særleg pregar vestjysk);
- 10) i tempussystemet (t.d. stuttformer og omlydte former i presens: *han pral*, *han frys* (fynsk, sønderjysk o.a.) — *han praler*, *han fryser*, *kømmer* (sønderjysk) — *kommer*);
- 11) i syntaksen (t.d. når det gjeld «ekte»/«uekte» samansetjing av verb + verbalpartikkel og når det gjeld adverbialplassering);
- 12) i orddanningsmåtar.

Normer og målbruk i skulen.

Trass i at danske målvitskapsfolk har rapportert om desse variasjonane mellom danske dialektar, er det vanleg å hevde at dei danske dialektane er utdøyde eller døyande, og at det ikkje er noe «dialektproblem» i Danmark. Denne holdninga kan komma til uttrykk direkte (t.d. Ammon 1977, s. 23; Fristed 1974), men i regelen viser det seg indirekte slik at det ikkje blir tala eller skrive noe om dialektane. Verken i den såkalla «blå betenkning», undervisningsrettleiinga for den danske folkeskulen av 1960, eller i «Dansk 1976», den nye undervisningsrettleiinga, er dialekttilhøve

Over til neste side.

nemnde eller problematiserte (Pedersen 1977, s. 9). Det er dei heller ikkje i den mest brukte læreboka i morsmålsmetodikk for danske lærarar (Jansen 1970) eller i heilt nye bøker som tar opp til drøfting språklege tilhøve i skulen (t.d. Andersen o.a. 1975; Wagner 1977).

Men med dei ulikskapane som ligg føre mellom dei ulike danske dialektane og som det er nemnt døme på ovafor, er det ikkje til å unngå at det oppstår spenningar mellom rigsdansk og dei andre, folkelege dialektane i skulen, og at det fører til problem både for lærarar og elevar.

Leiter ein vel i den store mengda av litteratur om språklege, språkpsykologiske, -pedagogiske og -sosiolgiske emne som kjem ut i Danmark, finn ein også noen artiklar og bøker som freistar ta opp dette emnet. Kjende er Aksel Noesgaards studiar frå 1945 og frametter over feiltypar i danske barns skriftlege skularbeid. Dei viser at former frå dei ulike dialektane klart slo inn i det riksdanske skriftmålet barna var pålagde å nytte. Ei nokså fersk undersøking av rettskrivinga til 3. klassingar ved ein nord-sjællandsk skule (Gregersen 1975) peiker i same lei. Frans Gregersen problematiserer likevel berre rettskrivingslæringa, ikkje sjølve rettskrivinga. Heller ikkje Noesgaard drar den konklusjonen at det er riksnorma det er noe gale med. Han seier rett nok at han langt ifrå vil dialektane til livs, slik einskilde folkeskulelærarar hadde klaga han for — (her høver det å samanlikne med den offisielle dialektkjærleiken norske riksmålsfolk stundom legg for dagen), — men meiner at «Det liv, vore elevar skal ud i, kræver bl.a. at de kan skrive deres modersmål nogenlunde rigtigt. Og det er skolens pligt at lære dem det så godt som muligt. Men det modersmål, der er tale om, er nu engang rigsmålet, og hermed er grænsen sat for det spillerum, man tør give dialekten» (s. 90). Den gjensidige påverkinga mellom talemål og skriftspråk som alltid vil liggje føre i eit lese- og skrivekyndig folk, og der skriftformene har ekstra stor påverkningskraft overfor talen gjennom den høge sosiale prestisjen dei har, er ein dialektikk Noesgaard ikkje har syn for: «Dialekterne står og falder nu ikke med, hvordan der skrives» (s. 91). På linje med dei fleste danskar som har eit språkpolitisk syn, godtar Noesgaard med andre ord rigsdansk som den dialekten alle danske barn skal streve etter å bruke i tale som i skrift. Og med det godtar han dei sosiale kreftene i det danske samfunnet som har gitt og gir rigsdansk denne makta.

Rigsdansk er historisk sett københavn-mål (Brink/Lund 1975, s. 764f.). At akkurat denne dialekten skulle få ein særskilt høg sosial status og få bruksrett over dei andre danske dialektane, heng saman med framvoksteren til bor-

garskapet i Danmark. Dei første spora til at eit riksdansk mål breier seg frå København, finn vi først når borgarstandet tar til å vinne makt i samfunnet. Før denne tida hadde tilmed spissane i det danske samfunnet nytta sine respektive heimemål. Til dømes skreiv teologi-professoren og målgranskaren Jacob Madsen Aarhus (f. 1538) reint jysk, og språkbruken til biskop Erik Pontoppidan d.e. (f. 1616) var klårt fynsk. Først «omkring 1700 kan der konstateres visse sikre fællestræk i talesproget hos de dannede i købstæderne», og «Kilderne tyder på, at det fullt færdige rm. er en realitet omkring 1825» (Brink/Lund 1975, s. 776 og 778).

Aksel Noesgaards kontrastive undersøkingar av rigsdansk og dei danske folkemåla og feil-analysane hans har alle hatt som praktisk mål å effektivisere rigsdansk-innlæringa i skulen. Paul Diderichsen, den kjende danske målvidskapsmannen, vurderer i så måte Noesgaards innsats høgt: «Desuden har man ved A. Noesgaards fortjenstfulde indsats bygget undervisningen op på en statistisk undersøgelse af fejltyper og ordfrekvens. Denne rationelle metode har vist sig så effektiv, at den i løbet af en kort årrække er blevet indført i de fleste skoler. Med den fornødne omhu kan man nu føre en klasse gennem underskolen næsten uden stavefejl» (Diderichsen 1968, s. 188). Denne optimismen på vegner av rigsdansk og dei rådande språksosiolgiske tilhøva som Diderichsen legg for dagen her, ser det likevel ikkje ut til at røyndomen innfrir heilt. Marie Bjerrum (1975, s. 40) hevdar at det enno i dag knappast er noen i Danmark som *talar* «dialektfritt» dansk rigsmål (dvs. slik at talaren ikkje røper heimplas-sen sin), og at dialektdragane er klare nok til å utsetje språkbrukarane for sosiale reaksjonar. Og når rigsdansk-folkemålproblematikken ein sjeldan gong er drøfta i pedagogiske fagartiklar, kjem det fram at det slett ikkje rår idylliske tilhøve i skulestova. Skulepsykologen Anne Vibeke Fleischer peiker i ein artikkel om skule-taparar på at «muligvis kan nogle børn også komme i klemme på grund af dialektale forhold. Talesproget er det primære, og de skrevne og trygte tegn skal gengive det talte sprog. Men talesproget er ikke ens for alle børn» «Når de socio-kulturelt handicappede børns talesprog afviger fra det almindelige talesprog ved at være mere afsnuppet og dialektpreget (. . .), kan de få læse-stave-vanskeligheder» (Fleischer 1974, s. 457). Det er elles ikkje vanskeleg å finne undersøkingar som viser at lese- og skrivevanskar og dei psykologiske og sosiale problem som følgjer med desse vanskaner, er sosialt korrelerte slik at dei fleste danske skulebarn som har slike vanskar kjem frå lågare sosiale lag (handverkarar, faglærde og ufag-

Over til side 12.

Guilem Rodrigues da Silva:

5 DIKT

Guilem Rodrigues da Silva kommer fra Brasil, født i Rio Grande do Sul i 1938. I 12 år har han levd den politiske flyktnings tilværelse. Da generalene gjorde statskupp i Brasil i 1964, var han offiser i heimlandets marine og tok del i den væpna motstanden mot kuppmakerne. For det blei han fengsla av det nye regimet, men han greidde å rømme og ta seg over grensa til Uruguay. Derfra kom han til Sverige i 1966. I dag er han innvandrerlærer i Malmö og Lund.

Poesi har han skrivi hele sitt liv. Men borte fra sitt heimland, i nye språklige og andre kulturelle omgivelser, har han opplevd hvor avgjørende det er for uttrykksevna å kunne nytte sitt innerste språk, sitt morsmål. Som flyktning og fremmedspråklig i Sverige har han måttet kjempe en daglig kamp for å beholde sitt grep på dette språket, samtidig som han har måttet orientere seg i og lære seg det nye heimlandets språk, det svenske. I en slik situasjon — truer halvspråkligheta, ikke flerspråkligheta, lammelse, ikke utvidelse, av uttrykksmulighetene.

Guilem Rodrigues da Silva skriver om mange ulike sider ved innvandrerlivstilhøvelsen og virker som talerør og fortolker for stadig flere nordiske medborgere. For så vidt er han en ny slags forfatter i vår litteratur. Det har ikke alltid vært så enkelt for ham. Det tok 10 år i Sverige før han greidde å få ut ei diktsamling der, og før han greidde å vinne offentlighetens interesse og lydhørhet. Ennå skriver han dikta sine på portugisisk og omsetter dem i lag med svensk-språklige forfatterkolleger, trass i at han viser et utmerket grep på svensk talemål i det daglige. Han trur sjøl det vil ta enda flere år før han kan uttrykke seg direkte på svensk i sin poesi, om noensinne.

I diktsamlinga **Jag söker gryningen** (Bo Cavefors Bokförlag 1976) fortolker han den brasilianske situasjonen og sine ønsker og drømmer om landets framtid, men særlig gir han uttrykk for den fremmedes — flyktnings livssitua-

sjon i vår del av verden. Det er kamp-poesi. Dikta handler om og er sjøl del av en politisk kamp og en personlig kamp mot en stadig mer truende kulturell splitring. Virkemidla er poetiske. Det virker ofte svært sterkt. Det er sosialt engasjert diktning uten slagord, men med sjølve poesien som fortetta kraft, som våpen. Dikta til Guilem Rodrigues da Silva plasserer seg dermed sentralt i den norske litterære debatten om forholdet mellom form og innhold, om realismeformer og fiksjon, dokumentarisme og mytologi.

Her kan vi presentere den brasilianske/svenske forfatteren for første gang for et norsk publikum med fem dikt om de språkkonfliktene som opptar han så sterkt. De er tidligere upubliserte, men inngår i ei ny diktsamling som er under forberedelse i Sverige. Vi er visse på at da Silva har et publikum i Norge også, og at vi vil få høre mer fra han. Det ser vi fram til.

gw.

HUSK
LANDSMØTET
I OSLO
29. OKTOBER!

Om hur viktigt det är att ha ett språk

Till Tove Skutnabb-Kangas¹

*Jag älskar människornas
fågelsnabba gester
när de inte ser mig
då jag ser på dem
som på fåglarna
utanför mitt fönster
Om jag vinkade åt dem
skulle de flyga sin väg
för alltid och skrämmas
av mitt svarta hår
och mina bruna drömmarögon*

*Det finns dagar då jag
inte kan tala något språk
utan brytning
inte ens mitt eget
Då skulle jag vilja vara
som Picolino, pajasen i Rio Grande,
stiga fram och säga kärleksord
utan att bli anklagad
för förargelsesväckande beteende
Det vore som att äga världen
utan att ha ett namn
utan att ha ett ansikte*

¹) finsk flerspråklighetsforsker

FÖRSVAR

Jag har inte begärt det
 Jeg har aldrig begärt denna ensamhet
 tystnad av sten
 den är inte min
 det måste vara ett missförstånd
 måste vara ett fruktansvärt missförstånd
 Det kan inte vara till mig
 det som kommer varje dag till min dörr
 dessa anonyma brev som kallar mig utlänning
 som kräver att jag reser härifrån för alltid
 att jag inte gifter mig
 att jag inte avlar barn i Sverige
 att jag inte planterar något träd
 att jag inte skriver böcker
 att inte ens min tystnad hörs i detta land
 Men jag vil vara jord
 jord som suger vattnet
 och ändå solen
 månen
 inte orörd is
 men liv som slår sönder gränserna
 men gran som växer från klippan
 förvrängd osymmetrisk
 fruktansvärd i sin önskan
 men gran ändå

ÅTGÄRDEN

Jag förutspår en allmän insamling
 där fåtalets godhet går på gatorna
 och ropar ohört som döparen i öknen
 Jag förutspår att i varje stad i Sverige
 organiserar man basarer, tivoli, allmän verk-
 samhet
 för att köpa till poeten de förlorade orden
 för att återlämna till de invandrade poeterna
 de orden de har förlorade
 på anpassnings labyrinten
 på assimileringshavet
 Vem ska kunna förhindra att vi blir
 skuggor utan kroppar
 Vem ska kunna förhindra att vi skriver
 med galla i stället för bläck
 Vem ska kunna förhindra att våra sånger
 manar till uppror
 Folket utan språk
 Folket som inte kan prata
 samlar inom sig krut i stället för ord
 Vem skulle kunna förhindra att våra sånger
 tänder stubinen¹

«TY NATTEN KOMMER, DÅ INGEN KAN
 VERKA»

Johannes ev. 9:4

Varje ord jag glömmet
 är en dold hotelse
 varje glömt ord
 är en pallisad som faller
 det är som vatten som växer
 och slår mot dammen
 slag efter slag
 och besegrar motståndet
 för varje ord jag glömmet
 fruktar jag natten
 Det blir så svårt att hitta vägen
 när natten kommer
 Vem
 Vad ska rädda mig från
 den slutliga översvämning
 När jag har glömt mitt språk
 Vem ska räcka mig en lykta
 för att under dagen leta efter
 de förlorade orden
 När «natten kommer, då ingen kan verka».

Guilem Rodrigues da Silva
 Lund, 1978

¹) stubin = luntetråd, tenningsstråd.

DEBATT:

Tomas Refsdal: NOEN TANKER OM DOBBELTMEDLEMSKAP

En del tilfelle av dobbeltmedlemskap i Språklig Samling/Noregs Mållag har vi hatt heilt sia laget blei stifta i 1959. Men innlegget her i bladet nr. 4/77 fra 14 slike medlemmer gjør kanskje spørsmålet mer aktuelt enn det har vært før. Jeg synes det er både naturlig og riktig at ei slik sak drøftes åpent.

Det har gjennom disse 19 åra vært mitt syn at slike dobbeltmedlemskap må være tillatt. Og jeg meiner det for så vidt framleis, men kanskje på et visst vilkår.

Det ligger i sjølve navnet vårt, Landslaget for SPRÅKLIG SAMLING (LSS) at det er *samling* på språkfronten vi ønsker og som vi vil arbeide for. Og når vi stifta en eigen organisasjon for dette, var det sjølsagt fordi de to andre språkorganisasjonene *ikke* arbeidde i denne retningen. Riksmålsforbundet arbeidde for et konservativt riksmål og Noregs Mållag (NM) for en konservativ nynorsk. Ingen av disse representerte samlings tanken, sjøl om de kanskje hver for seg levde i et lønlig håp om at nettopp *deres* språk skulle seire til slutt og bli det felles skriftspråket her i landet.

De som virkelig ønska å arbeide for samling, så det slik at ingen av de gamle organisasjonene hadde noen sjanse til å få ei eiga målform som den eneste i landet. Og at det heller ikke var *naturlig* med noen av disse målformene som et felles skriftspråk. Fellesspråket måtte bygge på et mer *folkelig* norsk enn både riksmålet og nynorsken. Det hadde jeg inntrykk av at det var full enighet om blant «de tolv apostlene» som i 1959 stifta Landslaget for SPRÅKLIG SAMLING. Og det var på det grunnlaget laget vokste fram.

Det oppstod en tredje organisasjon ganske enkelt fordi det eksisterte et tredje standpunkt. Et mellomstandpunkt.

Når en del av de personene som slutta seg til LSS, også holdt sitt medlemskap i NM vedlike, var sikkert grunnen den at de framleis sympatiserte med nynorsken og derfor ikke direkte ville bryte med sin gamle organisasjon, men fortsatt støtte den ved medlemskap. Det var også mitt inntrykk at de ville forsøke å gjøre noe for samnorsken også i NM, f. eks. ved å arbeide for at de radikale formene der — de som ligger bokmålet nærmest — blir tatt i bruk så mye som mulig.

Og så langt synes jeg alt er i orden. De nevnte dobbeltmedlemmene hadde si *største* interesse i samnorsken, det var den som lå deres hjerte nærmest. Og nettopp her er vi ved det vilkåret jeg meiner vi bør sette for dem som går inn i LSS og vil arbeide aktivt der (det er hovedsakelig de aktive dette spørsmålet gjelder): De må ha sitt hjerte i samnorsken. Skulle det ikke si seg sjøl at når vi går inn i en organisasjon for å arbeide aktivt der, da må vi også vært fullt med på det organisasjonen står for? Den som eventuelt ikke skulle være heilhjerta, men kjene seg delt i to, han ville neppe kunne gjøre noe gagnlig arbeid i LSS. «Det du er, vær fullt og helt, ikke stykkevis og delt.»

Og skulle vi f. eks. risikere å komme inn i det forholdet at en del personer som har sitt hjerte i nynorsken, går inn i LSS med den baktanken at de vil arbeide for nynorsken der, ja da er det fare på ferde. Da er det ikke lenger som det burde være. Tenk om det kom noen også fra den motsatte kanten, noen riksmålstilhengere som i virkeligheten ville arbeide for *sitt* språk i LSS, hva så? Ja, det måtte nødvendigvis bli urenlige og uholdbare forhold. Slike personer ville lett komme til å gjøre samlings tanken og samnorsken — og dermed LSS — en bjørnetjeneste. Noe av det farligste som kunne hende LSS var om laget skulle bli sett på som en nynorskorganisasjon nr. 2. Da kunne vi like gjerne pakke sammen med en gang. Det er samnorsk som er vårt program, ikke nynorsk.

Hva er da samnorsk, ettersom det avgjort må skille seg fra både riksmålet og nynorsken? Ja,

**FRIDA
ANDREASSEN ETTF.**

SKEI — SURNADAL



Kolonial — Kortevarer — Manufaktur

i grunnen veit vi det ikke, iallfall ikke konkret. *En del* ord og uttrykk kan vi nok kalle for samnorske, ganske enkelt fordi de er så vanlige og utbredte at de sikkert vil bli å finne i den framtidige fellesnorsken. Men skal vi snakke om samnorsken som ei fullt utvikla og ferdig målform, da er det noe vi ikke kjenner i dag. Det eneste vi vel kan si med bestemthet, er at samnorsken er det framtidige felles skriftspråket her i landet. Samnorsken — i videste forstand — er ikke noe vi har, det er noe vi får. Og når det faktisk er noe ukjent for oss i dag, burde vi kanskje være litt forsiktige med å stemple en del ord og uttrykk for norske og samnorske, mens andre får det motsatte stempel.

Ut fra dette er det vel både forståelig og naturlig at det også blant oss i LSS kan være noe ulike oppfatninger av hvor vi vil havne til slutt, og hvor «radikale» eller «moderate» vi inntil videre skal være. Det bør avgjort være plass for begge kategorier. Likevel synes jeg at det ikke bør være grunn til noen *grenseløs* ulikhet. Det er ett punkt hvor vi etter mitt syn burde kunne samles, og det er dette: Vi bør gå inn for det som stort sett er folkeflertallets talespråk, med andre ord tuftede skriftspråket på dette talespråket. Skriftspråket burde unektelig representere talespråket — på trykk. Hva annet skulle det vel representere? Og hva annet enn flertallspråket skulle vi bygge på? Det nytter ikke i det lange løp å forsøke å få et mindretalls språk som vårt felles skriftspråk.

Av og til kan vi se underlige påstander i språkstriden. F. eks. har det fra riksmålshold vært framholdt at deres konservative målform er et flertallspråk! Og fra nynorskhold sies det at nynorsken er en fellesnevner for talespråka i både byene og bygdene. De fleste av oss ser vel på slike påstander med et smil.

Men om den framtidige fellesnorsken er et ukjent x for oss i dag, så bør vi vel likevel spørre oss sjøl om åssen vi helst skal arbeide for å komme fram til dette x så snart som mulig. Det sier seg sjøl at jo fortare vi kommer fram, jo bedre er det. Det ville ha en kolossal betydning for en masse mennesker, ikke minst skolefolk (både elever og lærere), men også en stor mengde andre mennesker, ja praktisk talt alle, ville ha stor nytte og glede av å få denne fellesnorsken så snart råd er.

Hadde den framtidige fellesnorsken ikke vært en ukjent, men en kjent ting i dag, da burde vi sjølsagt ha lagt oss på dette språket og begynt å praktisere det med en gang. Men når det er ukjent, blir det ofte slike ting som tru-sympatier og antipatier, idealisme osv. som avgjør vårt standpunkt. Nå er ikke idealisme å forakte, langt derifra, men realisme kan være like nyttig. En passe blanding av disse egenskapene

var vel det beste. Det er kanskje nynorskfolka — og særlig ungdommen der — som er mest utsatt for å la idealismen løpe av med seg. Det bør vi prøve å unngå og heller se på det så realistisk som mulig. Og så innstille oss på at vi alle må «ofre» noe på fellesskapets alter.

Når det gjelder det som stort sett er folkeflertallets talespråk, så mangler vi vel ei omfattende og seriøs gransking på dette felt. Jeg vil med dette henstille til sentralstyret å drøfte om ikke LSS bør gå i gang med ei slik gransking. Det er klart at det ville bli et ganske stort arbeid, iallfall i en del distrikter. Vi kunne kanskje ha trengt en Ivar Aasen både her og der. Likevel trur jeg det vil la seg gjøre når vi tar tida til hjelp. Finne ut hvor mange det er her i landet som sier eg eller jeg eller je eller e, og videre: fram/frem, språk/sprog, nå/nu/no, etter/efter, veg/vei, kommer/kjem, heim/hjem, boka/boken, dansa/danset, språklig/språkleg, tar/tek, legge/leggja, leve/leva, han/ham/honom, epla/eplene, osv. osv. (En del av disse orda må naturligvis stå som representanter for større ordgrupper.) De formene som da måtte vise seg å være klare flertallsformer, bør være vårt program i LSS. Er to — eller eventuelt flere — former noenlunde jamnsterke, bør de være valgfrie i skriftlige arbeider.

Kunne vi direkte fastslå at slik og slik snakker de fleste mennesker her i landet, da ville vi stå sterkere i enhver diskusjon. Og vi ville få en enklere og mer konkret oppgave å arbeide for i LSS.

Inntil videre må vi altså greie oss uten ei slik gransking. Vi får da prøve å ta et så saklig og upartisk skjønn som mulig om hva som stort sett er fellesnevneren i norsk talespråk når både byer og bygder reknes med. Og så får vi bygge på dette når vi skal ta vårt standpunkt. Skulle det være noen som på et slikt grunnlag ikke ville kjenne seg heime i LSS, men derimot i nynorsken, da bør han heller ikke gå inn i LSS, men holde seg til NM og arbeide der. Det ville både LSS og NM være best tjent med. Det ville være en fordel å få så klare og reinslige forhold som mulig. Og vi ville unngå **uheldige** dobbeltmedlemskap. De **heldige** derimot, altså de personene som vil arbeide for samnorsken i begge leirer, de må vi ta imot og de må vi beholde.

Jeg nevnte et mer **folkelig** norsk enn både riksmålet og nynorsken. Noen vil kanskje si: Er da ikke nynorsken folkelig nok? Kan den bli mer folkelig enn den er? Ja, etter mitt syn kan den så avgjort det. Vi må jo se på dette forholdet ut fra **dagens** situasjon, rekne med det gjennomsnittlige norske talespråk av i dag. Dette må vi se på som det mest folkelige. Og dette språket ligger sikkert atskillige streker ifra både riksmålet og nynorsken.

Noen merknader.... frå side 6 lærde arbeidarar og einslege mødrer); sjå t.d. Kruuse 1973. At det dessutan er eit klårt sosialt lågstatusmerke i Danmark å nytte ikkje-standardiserte dialektformer, har mellom anna Svalastoga og Wolf peikt på i si vidkjende undersøking av sosial rang og mobilitet i dette samfunnet, dei dei talar om «dialekt, jargon eller vulgært sprog i øvrigt» som teikn på låg sosial rang og manglande stigande mobilitet (Svaalstoga og Wolf 1962, s. 168).

Hanne Billeskov Fristed skriv samme år som A. V. Fleischer om skulen og dialektane at «Mange lærere, der har haft danskundervisning i 1. klasse i en egn, hvor befolkningen taler «bred» dialekt, vil have erfaret, at der tit opstår store problemer, når de dialektsprogede børn møder rigsmålet i skolen. Udtalelser fra sådanne lærere tyder på, at rigsmålet ofte virker som et «fremmedsprog» på børnene» (Fristed 1974, s. 231). Ho freistar å samle argument for og mot dialektbruk i undervisninga og ønskjer ein debatt mellom lærarar og med styresmakter om saka. I argumentsamlinga finn vi att kjende psykologiske synsmåtar, t.d. at dialekten er ein viktig sosial gruppemarkør og eit personleg identifikasjonsmiddel, og Fristed held fram ei kanadisk undersøking som talar for å bruke dialekten i den første morsmålsundervisninga av omsyn til leseinnlæringa. Argumenta mot dialektbruk finn ho mellom anna i visse psykologiske teoriar om språkform og kognitive funksjonar, i utanlandske prosjekt som Head Start- og Detroit-prosjekta i U.S.A. (språkkompensatoriske prosjekt som vi i dag veit ikkje har falle særleg heldig ut) og i omsyn til samfunnsutviklinga (høve til sosial mobilitet, rigsdansk-krav i næringslivet og ved utdanningsinstitusjonar).

Dei psykologiske argumenta for dialektbruk i skulen finn ein elles mange stader i dansk faglitteratur, men utan at dei i regelen fører til ei kritisk drøfting av dei språklege normene i landet. Eg kan t.d. vise til J. Henriksen 1971, P. M. Møller 1972, Rigø 1975, B.B. Kristiansen 1975. Paul Diderichsen (op. cit. s. 147f.) gjer det likevel klårt at dei danske rettskrivings- og talemålsnormene alltid har vore diskuterte mellom einskildpersonar så lenge rigsdansk har eksistert som overnorm. Men den stillinga rigsdansk har hatt og har som dominerande tale- og skriftnorm, har vel å merke aldri vore truga på alvor. For oss norske, som er vane med å sjå på den folkelege målreisinga som ein diametral motsetnad til dansk målpolitikk, kunne det likevel vera rart å høyre Grundtvigs val-tale på Sjælland i 1848, der han sa at «det er af Bønderne, der ikke kan andet end deres Modersmaal, af dem, de Lærde skal lære at tale Dansk» (sitert etter Diderichsen 1968, s. 164—

165). Diderichsen har sjølv drege inn i dansk ordskifte svensken Carl Cederblads undersøkingar av språket til svenske rekruttar på slutten av 1930-talet (op.cit., s. 177), og han peiker på at Cederblad på grunnlag av sine studium kravde radikale endringar av språkpedagogikken i skulen, og at han meinte offentleg rettskriving og stil burde leggjas nærare opp mot talemålet til folk. For det danske samfunnets vedkommande meiner Diderichsen at ein bør vende seg frå det ortodokse prinsippet om at berre ei form skal vera rett, og at krava til språkleg rettskriving bør bli trappa ned i skulen (op. cit., s. 187). Henning Spang-Hanssen, som er professor ved Institut for anvendt og matematisk lingvistik i København, har derimot seinare gitt uttrykk for at valfrie rettskrivingsformer ikkje høyrer heime i dansk rettskriving (med einkilde unnatak) og heller ikkje bør gjera det. Eg nemner det her ved sida av Diderichsens syn fordi det truleg er det mest utbreidde synet mellom danske språkrøktarar i dag. Spang-Hanssen set det fram som eit grunnprinsipp for dansk språknormering at «betydningsmæssigt samme ord eller orddeel staves ens, uanset udtaleforskelligheder i tryksvag modsat trygstærk forekomst, i bøjningsformer, i sammensatte ord mm.» (Spang-Hanssen 1974, s. 19). Han trur tilmed at dette er eit prinsipp som gjeld rettskrivinga av alle språk (loc.cit.). Det tyder på at han har tenkt svært etnosentrisk, og det forklarar truleg mye av uviljen mot å godta «*udtalens system*, der «svigter», og efterlader en situation af systemløshed» (op.cit., s. 21). Diderichsens syn er at elevane sjølve bør kunne velje om dei «i sin sproglige fremtoning vil efterligne det borgerlig-akademiske sprog eller vil fastholde prægnet af sin oprindelse» (op. cit., s. 191). Men det går fram (s. 190) at han òg ønskjer faste skrift- og uttalenormer, og at oppgåva er å avgjera om desse normene skal vera dei gamle akademiske eller leggjas nærare ein «akseptabel» uttale i den høgre mellomklassen. Dette siste er som å høyre opp att røystene i bokmålsordskiftet frå førre hundreåret i Noreg.

Poenget med desse tilvisingane til Paul Diderichsen er ikkje å halde fram kva han sjølv har meint. Det interessante er at Diderichsen i ulike artiklar og radioforedrag har lagt fram for eit heimleg publikum ulike tenkjemåtar og strategiar for dansk språknormering. «De (nationale eller sociale) befolkningsgrupper der ønsker et gunstigere forhold til det officielle sprog, kan kæmpe ad forskellige linier: de kan arbejde for en lettere adgang til sproglig skoling og en forbedring af den traditionelle undervisning, eller de kan kræve sproget i skole, radio, kirke, retsvæsen og politiske organer ændret til større overensstemmelse med deres eget, eventuelt udskiftet med et andet. Kravet

kan gælde et helt statsområde eller visse (regionale eller institutionelle) dele deraf» (op. cit., s. 179; mi uth.); jfr. den norske rettskrivingsreforma av 1907, som inneheldt visse særordningar for Sørlandet. Tanken om radikale rettskrivingsendringar i folkemålslei eller om ei opning for dialektbruk i skulen er altså ingen ny tanke i Danmark. Han har berre ikkje slått igjennom i praksis. I eit temmeleg pessimistisk oversyn over språkstoda i Danmark i dag peiker professor Mogens Baumann Larsen på at «Et tilløb til en normdebatt opstod, da man [på 1960-talet] kunne konstatere en stærkere indflydelse fra københavnsk lokalsprog i yngre akademikerens sprog», men at «kulturinstitutionerne formåede at fastholde rigsmålsnormen uden diskussion», og at «selv indenfor de teaterformer, der var et oprør mod traditionen, levede og lever rigsmålsnormen» liksom ho gjer det i radio og fjernsyn (Larsen 1977, s. 24 f.).

Mogens Baumann Larsen har lenge arbeidd for å få i gang eit ordskifte om dansk språknormeringspolitikk. Eit forsøk i 1969 gjennom ein artikkel i tidsskriftet *Meddelelser fra dansk-lærerforeningen* førte ikkje til noen reaksjonar. Denne artikkelen er interessant, ettersom han set dei ulike lærarholdningane i system. Larsen meiner nok at dei fleste lærarar i Danmark er lojale overfor målsettinga med morsmålsundervisninga i den danske skulen: å gjera elevane rigsdansk-kyndige i tale og i skrift. Likevel varierer holdningane i praksis frå dei mest lojale (av typen: «Ja, det første skoleår bruger jeg først og fremmest til at knække dialekten» (Larsen 1969, s. 152)) til dei mindre ivrige, som tillet ulik dialektbruk av di elevane elles teier stille eller kvir seg for og fomlar med å uttrykkje seg. Sjølv har Larsen utført studiar på Bornholm, der visse elevgrupper medvite markerer at dei tar avstand frå det verdssystemet skulen står for, ved å nytte folkemålet fullt ut.

I situasjonsrapporten sin frå 1977 viser Larsen indirekte at han ønskjer rigsdansk-norma utfordra (s. 25). I det radikale pedagogiske tidsskriftet *Unge pædagoger* har liknande synsmåtar komme til uttrykk eit par gonger i det siste (L. Henriksen 1971; L. Møller 1974). Likevel er det klårt at det må vera ei skriftnorm i ei eller anna form, og dermed har ein ikkje heilt løyst det særeigne problemet som gjeld skriftmålsopplæringa i skulen.

Lene Møller (op.cit) meiner vegen til stor-samfunnets skriftmål må gå via eit første skriftmål, som er talemålet til barnet sett på prent. Det er ingen ny tanke, det heller. Han er for tida svært aktuell i mange land, ikkje minst hos oss i Noreg. Det har eg greidd ut om ein annan plass (Wiggen 1978), og eg skal

ikkje gå nærare inn på det her. Med dei rigide rigsdansk-krava som har rådd og enno rår grunnen i dansk skule og samfunnsliv elles, må ein likevel rekne med at tanken vil vera meir framand for mange danskar enn for dei fleste i Noreg. Norsk skule har for det første hatt reglements- og lovfesta i nær på hundre år at talemålsnormering, retting på heimemålet til skuleungane, er forbode (Grunnskulelova § 40, pkt. 1). Og like lenge har det vore arbeidd for å gi ungane høve til å få den første lese- og skriveopplæringa si på dialektane sine. I dag blir dette siste tilhøvet drøfta og utgreidd i kyrkje- og undervisningsdepartementet, og det er reelt håp om at forsøk med dialektgrunna skriftmålsopplæring kan komma i stand i næraste framtid.

Slik er det ikkje i Danmark. Men dei heller få røystene som i spreidde artiklar har heva seg for slike folkemålsvennlige pedagogiske tiltak, har nyleg fått solid stønad gjennom ei avhandling frå Århus universitetet, der Karen Margrethe Pedersen (1977) har lagt fram resultat av undersøkingar ho har gjort i Jylland om det pedagogiske tilhøvet mellom rigsdansk og dei dialektane ungane har som sine morsmål. Her er den internasjonale granskinga på området trekt inn til ein viss grad, og det må i seg sjølv sjåas på som eit viktig tilskott til ordskiftet om språknormene og språkpolitikken i landet. I tillegg gir avhandlinga til Pedersen belegg for at skulen ikkje maktar å nå målsettinga si om å gjera elevane til riksmålsbrukarar (op.cit., s. 128). Trudgill (1975) har hevda at ein dialektutryddingsstrategi aldri har lykkas eller kan gjennomførast. Det ser ikkje ut til at Danmark gjer noe unntak frå denne regelen. Og — som nemnt ovafor — Paul Diderichsen har lagt fram kva som er alternativet når ein ikkje kan lirke folk vekk frå morsmålet sitt og over i ein annan dialekt: Da må ein heller justere standardmålet etter folkemåla.

Det kan vera eit poeng å jamføre den tradisjonelle holdninga til normspørsmålet i dansk skule med synsmåtane til den vesttyske språksosiologen Ulrich Ammon. Ammon er ein mann som nok er meir kjend i den danske språkverda enn i den norske, og han har gjort seg til talsmann for ein dialektutryddingsstrategi. Det er ingen grunn til å tvile på at det ligg velmeinande intensjonar bak det standpunktet han og den danske skulen deler: Alle bør få like høve til å vinne fram i samfunnet, og i det danske som det vesttyske samfunnet er det ein nødvendig føresetnad for å nå dette målet at kvar og ein kan nytte riksnormalen (rigsdansk/hochdeutsch). Om ein godtar dette «samfunnskravet» (spør: kravet frå kven i samfunnet?), må skulen gi dei denne språklege tamen som

Over til neste side.

ikkje har riksnormalen som morsmål. Men det greier altså ikkje skulen. Ammon har sett at det ikkje ligg føre høvelege pedagogiske måtar å gjennomføre denne målsettinga på, og til så lenge (han er optimist!) åtvarar han mot uvettig undertrykking av dei ulike dialektformene i skulen. No har Danmark fått denne morsmåls-pedagogikken sin avkledd og kritisert gjennom avhandlina til Pedersen. Det er sunt, og det er på tide.

(Trass i at eg meiner Pedersens arbeid må vera eit verdfullt innlegg i det danske målordskiftet, har eg ein del innvendingar mot delar av avhandlina. Men dei skal eg ikkje komma grundigare inn på her, utanom å nemne at det gjeld særleg måten ho har tolka visse elevreaksjonar på (aggresjonar/passivitet), trua hennar på to-dialektstrategien (sjå kritikken av bidialektalisme hos O'Neil 1972 og Trudgill 1975), noen av dei alternative framlegga hennar til frigjerande språkopplæring (især plan- og rollespela, som går ut på å få elevane til å forstå kvifor dei treng å bruke rigsdansk) og det at ho ikkje maktar å dra konsekvensar av resultatane sine for sjølve det danske riksmålet.)

Det skal bli spennande å sjå om det blir liv i den danske måldebatten. Om så skjer, må vi likevel ta omsyn til sær danske tilhøve som kan gjera det rimeleg med andre holdningar til spørsmålet om dialektreising og språknormering enn i Noreg.

Dansk dialektreising og/eller nordisme?

Riksdanskens forrang framfor dei folkelege danske dialektane synes å vera urokkande i dag. Dei minste avvik frå riksnorma i tale eller skrift avføder indignasjon og protestar frå næringslivshald og konservative institusjonar og einskildmenneske (sjå t.d. Hjort og Larsen 1973, s. 95; Larsen 1977, s. 25). Språkpolitikken i skulen har ytt og yter sitt til å utdjupe dette språklege klasseskiljet i Danmark. Likevel blir ikkje språkproblema oppfatta som viktigare i offentlege fora enn at t.d. pressa viser dei til petitjournalistikken (Larsen op.cit., s. 19). Dansk Sprognævn har heller ikkje tatt noe merkbart initiativ til å få problema gjennomdrøfta i det danske samfunnet. Det er elles tjue år sia Paul Diderichsen spådde at språknemnda neppe ville komma til å kjenne seg forplikta til meir radikale initiativ enn å redigere rettskrivingsordbøker (op.cit., s. 187). Kven kan ein så vente initiativ frå? Frå lærarane, den yrkesgruppa som på mange vis var den som i si tid dreiv den tidlege norske målreisinga framover? Det er også vanskeleg å tru, enda det er dei som burde kjenne problema best gjennom sitt daglege arbeid. For «seminariene (d.e. lærarskulane) har på alle felter været ortodokst-konservative» (Diderichsen loc.cit.). Eit skremmande døme

på det fekk eg sjølv da eg var i lag med ein dansklektor ved ein av lærarskulane i Danmark i fjor sommar. Han avviste at dialektane baud på problem i Danmark, og han meinte ikkje at dialekt-rigsdansk-tilhøvet var noe aktuelt emne i den danske lærarutdanninga. Det som kunne skape problem i skulen, var vulgær-språk og slurv, meinte han!

Om det altså ikkje ser ut til at ein akkurat no kan vente seg initiativ til radikale omvurderingar av språknormene og normgrunnlaget for dansk mål frå noe slags grasrotplan, er det framleis einskildpersonar og mindre grupper av språkfolk som er opptatte av normspørsmålet i Danmark, og som pressar på for å få det drøfta. Noen har eg alt nemnt. Peder Skyum Nielsen er elles i gang med ei undersøking av prinsippgrunnlaget for dansk språknormering. I eit innlegg på eit seminar i Stockholm i april 1976, da undersøkinga hans var i startfasen, heldt han fram «hensyntagen til dialekter eller til rigssprog» som eitt av fleire språksosiologiske prinsipp som han meinte gjekk inn i ein forklaringsmodell for dansk normgiving (Nielsen 1977, s. 93). Det som likevel kan peike i retning av at Nielsen vil kunne vurdere normgrunnlaget og normene radikalt annleis enn det tradisjonelt er gjort i Danmark, er ønsket hans om å fremje eit normeringsgrunnlag som kan bidra til endringar i samfunnstilhøva. Og eit slikt grunnlag ventar han ikkje å finne i eit framandgjort og bornert språk, men ved å leite opp den enkle, klare og «direkte» språkbruken i dansk (op. cit., s. 94). Kva han legg i det, anar ein når ein veit at han held Göran Palms og Sven Wernströms idéar om ein slik språkbruk som eit førebilete, og dei er sentrerte om *ordas semantikk* og ikkje om morfologisk eller syntaktisk form. Nielsen har likevel vist at han er klar over at det ligg sosialt konfliktstoff i spenningsfeltet mellom rigsdansk og andre danske mål, så ein må vel ha lov til å tru at undersøkinga hans også vil munnne ut i ei kritisk vurdering av (grunnlaget for) rigsdansk-norma.

Nielsens undersøking er eit privat granskingsprosjekt, og resultatane av eit slikt prosjekt treng ikkje få verknader ut over det akademiske miljøet det er blitt til i. Først om og når det får ei politisk tilknytning, kan det få vidare verknader. Derfor er ho kanskje vel så interessant den seminarrekkja Nordisk råd no skípar til gjennom sekretariatet for nordisk kulturelt samarbeid, og som skal ta opp ulike språkpolitiske og -pedagogiske tilhøve i dei nordiske landa. Språknormene i skulen er emnet for det første møtet i haust, og i eit fleirnasjonalt fagleg forum som det dreier seg om her, skulle det vera råd å utveksle røynsler og øve gjen-sidig påverknad mellom landa. Det kan t.d.

nepe vera til å unngå at norske deltakarar kjem med kritikk av og alternativ til ein slik rigid riksmålssituasjon som den i Danmark. I kva monn dei nasjonale styresmaktene vil låne øyre til resultatane av desse nordiske sammøta veit vi likevel ikkje.

Den språklege normtradisjonen i Danmark får i alle fall ikkje vera *heilt* i ro. Han er — om enn aldri så veikt og varsamt — utsett for kritikk og kritisk vurdering. Spørsmålet må heile tida vera kva for målpolitikk den jamne mann og kvinne i Danmark er tente med. Og svaret gir seg kanskje ikkje like lett og eintydig for danskane som for oss norske. Skilnaden på naboen vår i sør og oss er at Danmark er opnare for påverknad frå Tyskland og EF-landa. Danmark *var* slikt eit deilig land, har den danske diktaren Ivan Malinovski sagt nyleg (Berg/Haavardsholm 1977, s. 140). Fullt så pessimistisk er vel ikkje danskprofessoren Larsen, men grunnholdninga hans er den same. EF-medlemsskapen har mellom anna alt vist seg gjennom auka tyskspråkleg påverknad gjennom fjernsynssendingar mange danskar ser på og som når langt nord i Jylland. Innafor EF-landa er det dessutan mange som ser det språklege mangfaldet som ressursøyding. Mogens Baumann Larsen meiner at ein felles språkpolitikk er under oppsegling i EF. Til dømes har «europaistikk» dukka opp som ein ny språkvitskapleg disiplin i BRD.

I ein situasjon som enno ikkje er blitt dramatisk, men som snart kan bli det og som vil kunne ytre seg som eit kraftig trugsmål mot det danske språket og den kulturen som er knytt til det, er spørsmålet om danskane er best tente med at den stramme normeringstradisjonen rigsdansk representerer i dag, får halde fram. Rett nok talar pedagogiske omsyn klårt og overtlydande for ei folkemålsreise i Danmark som i Noreg og i andre land. Men kjem dei i strid med nasjonale omsyn? Dialektreiseing treng ikkje fungere progressivt under alle omstende, slik ho gjer det i Noreg i dag.

Det nasjonale prinsippet i nordisk språknormering, som har hatt nasjonal einskap som eit overordna mål, har alltid hatt brodd mot dialektspitting. Samstundes er det verd å hugse på at dette nasjonale prinsippet har vore knytt til 1800-talets romantiske filosofi, der dialektane var vurderte som mindre fullkomne og verdige enn riksnorma. Dette språksynet er no for lengst antikvert. På den andre sida veit vi at dei fleste danske språkreisingrørslene som har gjort seg gjeldande no og da dei siste par hundre åra, har vore sterkt antityske. Dei har likevel ikkje vore særleg folkelege. Folkeleg var på si side den språkrøktørsla som voks fram under andre verdskrigen. Ho var nasjonalt inspirert, antitysk og radikal, men ho var ikkje

puristisk. Denne språkrøktørsla var elles nært knytt til Grundtvigs språksyn (sjå ovafor). Vi kan vende på spørsmålet ovafor: Kan ein nordistisk språkpolitikk i Danmark sameinas med ei opning av riksmålsnormene for utbreidde drag i folkemåla, dvs. ei dansk målreiseing, og samstundes styrke danskens stilling overfor tysk og annan framandspråkleg påverknad?

Tanken om å byggje ei skandinavisk språktilnærming på den felles norrøne språkarven ein fann i folkemåla, var innebygd i skandinavismen i førre hundreåret. Men nordismen i vårt hundreår kjenner vi helst som samarbeidsstrev på riksmålsplan. Og det er truleg ein slik samnordisk riksmålspolitikk vi kan vente oss styrkt gjennom det samnordiske språksekretariatet som no tar til å fungere. Derfor er det at ein norsk «grøn» politikar som Håkon Stang har fått så sterk motbør frå andre økologisk orienterte politikarar og frå sosialistar (t.d. Vikør 1974; Sætra 1977) når han i ulike artiklar (1974, 1978) har slått til lyd for ein samnordisk språkpolitikk. Medan det i Noreg er to meir og mindre folkemålsorienterte riksnormalar, har dei svenske og danske riksmåla heller dialektfientlege tradisjonar. Så lenge det er slik, vil ein nordistisk politikk bety at ein skapar enda større avstand mellom dei ulike nordiske folkemåla (periferiane) og normalformene (sentrum). Det vil vera eit brot med grunnprinsippet i norsk målpolitikk siste hundreåret, folkemåls-tilnærminga. Og det vil innebera ei utviding av den sosiale skilnaden mellom folkegrupper i dei nordiske nasjonane som riksmål-folkemålskilnadene representerer.

Det er forhold som tyder på at interessa for nordisk samarbeid er blitt svekka i Danmark i dei seinare åra. Larsen (1977) peiker på noen av dei: Svensk- og norskundervisninga i den danske skulen er trappa gradvis ned, og det er ikkje teikn som tyder på at den danske talordsreforma etter svensk og norsk mønster er slått igjennom. Men *dersom* det danske samfunnet likevel skulle ønskje å knyte sterkare band til dei andre nordiske språka, t.d. fordi det ser det som ein føresetnad for å kunne stå imot tysk eller annan framandspråkleg påverknad gjennom EF, trur eg det er vel verd å tenkje igjennom om det ikkje går ein veg til ei sterkare nordisk språksamkjensle gjennom folkemåla. På folkemåls grunn er dei nordiske folkemåla delar av eitt og same språket. Svenske, danske og norske folkemål har meir til felles enn det kan sjå ut til om ein stirer seg blind på riksnormalane. Vegen fram er i så fall noe lengre og meir krokut for danskane og svenskane enn for dei norske, ettersom dei ikkje har hatt noen parallell til den norske målreiseinga enno. Det blir eit spørsmål om kva som er nødvendig og

Over til neste side.

kva som er mogleg. Det blir eit spørsmål om språkleg sjølvkjensle mellom vanlege folk: Vil ei opning for folkelege lågprestisjeformer i rigsdansk få mange danskar til å værde riksmålet sitt mindre og kanskje leite etter og ta opp nye og andre prestisjeformer t.d. frå tysk, av di dei ikkje trur sitt eige heimemål godt nok, eller vil den allmenne språklege sjølvkjensla vera sterk nok til at dei fleste ser seg tente med eit meir folkemålsnært rigsdansk?

Eg meiner dette spørsmålet er reelt og viktig å finne ut av. Det inneheld dessutan ei meir generell problemstilling: Bør ein prinsipielt ikkje gjera endringar i skrift- eller normalmål som er truga av eller under press frå andre normalmål? Eg ser ein (enno haltande) parallell til danskens stilling andsynes tyskpåverknaden i nynorskens stilling andsynes presset frå bokmålsnormalen i Noreg. I blokknotatet i *Syn og Segn* nr 4/78 skriv Andreas Skartveit at han tykkjer bokmålet visseleg bør vera opent for endringar i retning av dialektane. Men ikkje nynorsken. Nynorsknormalen bør i hovudsak bli verande som han er, meiner Skartveit, ikkje fordi han alt er eit ideelt uttrykk for morsmåla i landet, men fordi han er under press. Eg kan ikkje utan vidare gå med på at argumentet til

Skartveit gir seg sjølv. Utan å ha sagt noe konkret om dansk riksmål (eller nynorsk) meiner eg ein må spørje seg om eit truga eller pressa normalmål (eller delar av det) kan vera så lite av eit identifikasjonsobjekt for dei som er meinte å skulle nytte det, at det må endras i retning av talemålet til (dei potensielle) brukarane om det skal halde stillinga eller vinne fram.

Med dei politiske og økonomiske interessene som er knytte til det danske riksmålet i minnet, og ikkje minst med Danmarks EF-tilknytning klårt for seg, må ein likevel sjå i auga at det kanskje vil vera beint fram uråd å få til ein dansk folkemålspolitikk. I Noreg fekk målreisinga eit oppsving med EF-motstanden. Kan danske EF-motstandarar, især gjennom arbeidarrørsla, ta opp i seg ei folkemålsreising? Eg kan i alle fall vanskeleg tenkje meg at ein meir folkeleg riksdansk normal kan slå igjennom utan ved hjelp av ei brei folkerørsla. Men kor lenge kan danskane enno bli herrar i eige hus? Kor lenge kan ei eventuell dansk folkerørsla opptre som ein majoritetsblokk med makt bak krava sine? Når må vi rekne sjølv eit samla dansk folk som ein nasjonal minoritet i staten — i EF?

LITTERATURTILVISNINGAR:

- Ammon, Ulrich (1977): «Probleme soziolinguistischer Theoriebildung am Beispiel von Dialekt und Einheitssprache.» I *ROLIG-papir* nr 10 — 1977, Roskilde Universitets-Center, Lingvistgruppen.
- Andersen, Lene o.a. (1975): *Sprog og skolestart*. GMT, Kongerslev/Grenå.
- Berg, A. og E. Haavardsholm (1977): *Skrive og kjempe*. Fakkelpok, Gyldendal, Oslo.
- Bjerrum, Marie (1975): «Rigsmålets grænser.» I *At færdes i sproget. Iakttagelser og synspunkter*. Dansk Sprognævns Skrifter nr 9. København.
- Brink, L. og J. Lund (1975): *Dansk Rigsmål 1 og 2*. Gyldendal, København.
- Diderichsen, Paul (1968): *Sprogsyn og sproglig opdragelse*. Nyt Nordisk Forlag Arnold Busck, København.
- Fleischer, A. V. (1974): «Myten om det socio-kulturelt handicappede barn.» I *Dansk pædagogisk tidsskrift* nr 10 — 1974.
- Fristed, Hanne B. (1974): «Skolen og dialektene.» I *Dansk pædagogisk tidsskrift* nr 5 — 1974.
- Gregersen, Frans (1975): «Rapport fra en undersøgelse af stavfejl i en 3. klasse.» I *Skrifter om anvendt og matematisk lingvistisk (SAML) II*, udg. af Københavns universitets Institut for anvendt og matematisk lingvistik, København.
- Henriksen, Jeffrei (1971): «Identitetseffekt — en mangel ved målsætningen?» I *Dansk pædagogisk tidsskrift* nr 1 — 1971.
- Henriksen, Lars (1971): «Sprogriktighed.» I *Unge pædagoger* nr 6 — 1971.
- Hjort, P. L. og E. Larsen (1973): *Direktiv og debat. Fagdidaktiske læsestykker om undervisningen i dansk sprog*. Faglig-pædagogiske småskrifter om dansk sprog 3. Gyldendal, København.
- Jansen, Mogens (1970): *Danskmetodik*. Gjellerup, København.
- Kristiansen, B. B. (1975): «Emotionelle og personlighedsmæssige faktorerens samspil med læsning.» I B. B. Kristiansen og P. Mylov (red.): *Læsningens psykologi — faktorer der betinger læseprocessen*. København.
- Kruuse, Emil (1973): «Læse- og staveretarderedes sociale baggrund.» I *Skolepsykologi* nr 3 — 1973.
- Larsen, Mogens Baumann (1969): «Skolen og dialektene.» I *Meddelelser fra dansk lærerforeningen* nr 3 — 1969.
- Larsen, Mogens Baumann (1977): Sprogsituationen i Danmark — en betragtning.» I *De nordiske sprogernes framtid*. Norsk språkråd. Skrifter 19. Oslo.
- Møller, Lene (1974): «Danskundervisningen og ytringsfriheden.» I *Unge pædagoger* nr 3 — 1974.
- Møller, Poul M. (1972): «Hvordan uddanner vi fremtidens beslutningstagere?» I *Dansk pædagogisk tidsskrift* nr. 2 — 1972.
- Nielsen, Peder Skyum (1977): «Undersøgelse af principgrundlaget for sproglig normgivning vedrørende dansk.» I Jesper Hermann o.a. (red.): *Tendenser i nordisk psyko- og sociolingvistik*. København.
- Noesgaard, Aksel (1951): *Danske dialekter og skolebørns skriftlige arbejde*. Gyldendal, København.
- O'Neil, Wayne (1972): «The Politics of Bidialectalism.» I L. Kampf & P. Lauter (eds.): *The Politics of Literature. Dissenting Essays on the Teaching of English*. Pantheon, New York.
- Pedersen, K. M. (1977): *Dialekt, regionalsprog, rigssprog — en analyse af børns skolesprog*. Institut for grænseregionsforskning, Aabenraa.

Over til neste side.

- Rigø, Else (1975): «Sproglige aspekter ved læseprocessen.» I B. B. Kristiansen og P. Mylov (red.): *Læsningsens psykologi — faktorer der betinger læseprocessen*. København.
- Ringgard, K. (1973): *Danske dialekter*. 2. udg. Akademisk Forlag, København.
- Skartveit, Andreas (1978): «Blokknottat.» I *Syn og Segn* nr. 4/78.
- Spank-Hanssen, Henning (1974): «Om inndeling af stavfejl.» I *Skrifter om anvendt og matematisk lingvistik (SAML) I*, udg. af Københavns universitets institut for anvendt og matematisk lingvistik, København.
- Stang, Håkon (1974): «Språket: Norsk og nordisk.» *Kronikk i Dagbladet* 4.9.1974.
- Stang, Håkon (1978): «Norge — en språkøy.» I *Dagbladet* 3.1.1978.
- Svalastoga, K. og P. Wolf (1962): *Social rang og mobilitet*. København.
- Sætra, Hartvig (1977): «Økopolitikk og språkstrid.» I *Språklig Samling* nr 1 — 1977.
- Trudgill, Peter (1975): *Accent, Dialect and the School*. Edward Arnold, London.
- Vikør, Lars S. (1974): «Det nordiske språkspørsmålet: Einskap gjennom desentralisering.» I *Dagbladet* 10.9.1974.
- Wagner, K. D. (1977): *Sprog og skole. Et oprør med et par myter før og nu*. Gjellerup, København.
- Wiggen, Geirr (1978): *Dialektbruk i morsmåloppøplinga, særlig den første lese- og skriveoppløringa.* I Jo Kleiven (red.): *Språk og samfunn*. UniPax, Oslo.

NORDISK SPRÅKSEKRETARIAT OPPRETTA

Nordisk språksekretariat begynner sin virksomhet i juli 1978. Sekretariatet er oppretta av Nordisk ministerråd og skal arbeide for å bevare og styrke det språklige fellesskapet i Norden og fremme den nordiske språkforståelsen. Sekretariatet skal fungere som et samarbeidsorgan mellom språknemndene i Norden, men er ellers en sjølstendig institusjon under Nordisk ministerråd. Kontoret er inntil videre plassert sammen med Norsk språkråd i Oslo.

Professor Bertil Molde fra Svenska språknämnden er formann for styret i Språksekretariatet, mens cand. philol. Ståle Løland har ansvaret for den daglige ledelsen.

Nordisk språksekretariat skal bl.a.:

- være rådgivende og koordinerende organ i språk- og terminologispørsmål som angår mer enn ett nordisk språk
- ta initiativ til utredninger og forskningsprosjekter av felles nordisk interesse, f.eks. når det gjelder språkrøkt, terminologi, nordisk språkforståelse og grannespråkundervisning
- arrangere nordiske møter, konferanser og seminarer om språkspørsmål
- medvirke til at resultatene av utredninger, terminologiarbeid o.l. blir publisert
- følge utviklinga av grannespråkundervisninga på alle utdanningsnivåer i de nordiske landa
- samarbeide med radio og fjernsyn, presse og forlag om tiltak som tar sikte på å fremme den nordiske språkforståelsen
- sørge for at det blir utarbeidd ordbøker og ordlister mellom ulike språk i Norden.

Sekretariatet blir leda av et styre på tolv personer som representerer de nordiske språknemndene og tilsvarende institusjoner. Styremedlemmene blir oppnevnt av Nordisk ministerråd etter forslag fra språknemndene. Disse er oppnevnt for den første treårsperioden:

Dansk Sprognævn:

Universitetslektor Allan Karker
Professor Poul Lindegård Hjorth

Forskningscentralen för de inhemska språken i Finland:

Byråsjef Esko Koivusalo (Finska språkbyrå)

Forsker Mikael Reuter (Svenska språkbyrå)

Fróðskaparsetur Føroya:

Mag.art. Jóhan Hendrik W. Poulsen

Grønlands landsråd:

Seminarieadjunkt Lars Møller Lund

Islensk málnefnd:

Dosent Baldur Jónsson

Norsk språkråd

Professor Eyvind Fjeld Halvorsen (bokmål)

Professor Leif Mæhle (nynorsk)

Samisk språknemnd:

Mag.art. Ole Henrik Magga

Svenska språknämnden:

Professor Bertil Molde

Sverigefinska språknämnden:

Fil.lic. Solfrid Söderlind

Arbeidsutvalg:

Professor Bertil Molde, formann

Universitetslektor Allan Karker, viseformann

Byråsjef Esko Koivusalo

Professor Eyvind Fjeld Halvorsen

Sjølve sekretariatet vil til å begynne med bestå av en heltidsansatt samnordisk sekretær med kontorhjelp. Etter planen skal sekretariatet bygges ut med særskilte nordiske sekretærer ved de nasjonale språknemndene.

BY OG LAND

HAND I HAND

LSS I FRÅSEGN TIL STORTINGET:

„OBLIGATORISK NORSK I LÆRERUTDANNINGA”

Etter den lærerutdanningslova som nå gjelder, kan lærerstudentene velge bort norsk som fag i utdanninga si. Dette har skapt bekymring i vide kretser, og flere organisasjoner og enkeltpersoner har gitt uttrykk for at de ønsker dette forholdet endra. Hans Hammond Rossbach (V) har gjort framlegg om å gjøre norskfaget obligatorisk igjen i allmennlærerutdanninga, og saka kommer trulig opp i Stortinget om ikke så lenge.

Landslaget for språklig samling drøfta spørsmålet i sentralstyremøte 16. august i år. Styret vedtok enstemmig å sende denne oppmodinga til Stortinget v/ kirke- og undervisningskomiteen:

Norskfaget i lærerutdanninga.

Landslaget for språklig samling har i sentralstyremøte 16.8.1978 drøfta norskfagets stilling i den pedagogiske høgskolen. Det beklager djupt at lærerstudentene har høve til å velge bort norskfaget i utdanninga si, og vil så sterkt råd er oppmode Stortinget til å gjøre vedtak om å gjeninnføre norsk som obligatorisk fag i allmennlærerutdanninga.

Morsmålet og morsmållitteraturen er sjøve kjernen i et folks kultur. Formidling av kunnskap om og rettleiing til grep på og holdninger til eige språk og eigen litteratur har derfor vært og må framleis være ei hovedoppgåve for skolen, ikke minst for grunnskolen, som

når alle unge i landet. At stadig flere grunnskolelærere ikke har studert norsk språk og litteratur i si utdanning, er alarmerende. Uten faglig grunnlag for å rettleie og undervise barna i dette mangslungne hovedfaget, risikerer de fleste like fullt å måtte gjøre det, til belastning for seg sjøl og til skade for faget, for elevene og for norsk kultur i det heile.

Det fagdidaktiske kurset i norsk de lærerstudentene må ta som ikke vil studere faget, gir ingen faglig innsikt. Det er ikke et fagstudium. Det er eksamensfritt, og det «drukner» i mengda av andre kurs og fagemner. Landslaget for språklig samling meiner alle lærerstudenter må studere norskfaget minst på kvartårseiningsnivå, og at alle de pedagogiske høgskolene må prioritere utbygging av høvet til videregående studium i norsk (f.eks. på årseiningsnivå).

At de fleste lærerstudentene viser seg å ha valt norsk som fag de siste åra, borger ikke for at det fortsatt vil være slik. Så lenge faget er valfritt, er det i stor monn markedstilhøva (stillingstilhøva) som styrer studentenes val av fag. Morsmålsfaget er for viktig til å være avhengig av slike skiftende vinder. Det må være samfunnets ansvar å se til at alle som skal undervise de unge i landet, har et forsvarlig minimum av innsikt i norsk språk og litteratur. Det har ikke de som i dag velger ikke å ta norsk som fag i lærerutdanninga si.

Over til neste side.

Spørsmålet om å gjøre norskfaget valfritt eller ikke, er blitt kopla i hop med samme spørsmål om kristendomsfaget. Landslaget for språklig samling verken kan eller vil uttale seg om kristendomsfagets stilling i lærerutdanninga, men meiner det er kulturpolitisk uansvarlig å gjøre norskfagets stilling avhengig av stillinga til andre fag. Både kristne og ikke-kristne må kunne enes om morsmålets og morsmåls litteraturens spesielt viktige plass i vår kultur, og om å gi uttrykk for det ved å kreve av alle grunnskolelærere at de skal ha studert et minstemål av norsk i si utdanning. Det er spesielt uforståelig at kristne vil bruke norskfaget og dermed videreføringa av morsmålskulturen i skolen til en taktisk-politisk salderingspost i

spørsmålet om kristendomsfaget. Slik kulturpolitisk ansvarsløyse burde ikke minst være fremmed for kristne, som i denne som andre saker burde streve etter å stri med «blanke våpen», og ikke hindre at ei maktpåliggende kulturpolitisk sak som norskfagets stilling i lærerutdanninga får ei avgjerd alle kan være enige om, for å tvinge igjennom sitt syn i ei sak det rår reell usemje om (kristendomsfagets stilling).

Landslaget for språklig samling oppmoder med dette Stortingets medlemmer til å behandle norsk- og kristendomsfaget hver for seg, slik det er saklig grunn til å gjøre, og til å enes om å gjeninnføre norsk som obligatorisk fag i allmennlærerutdanninga.

GÅVER

S. Brubech 20,—. T. Unhammer 20,—. J. Fosså 44,—. V. Jetne 20,—. G. Hoff 40,—. A. Kvendbø 10,—. O. Langeland 30,—. I. Kongslie 20,—. G. Wiggen 112,—. A. Smørgrav 20,—. T. og Ø. Gulliksen 40,—. L. Egerdal 30,—. J. Vidar 20,—. M. Aksnes 70,—. A. Ørsal 80,—. Sv. Tusvik 70,—. J. T. Greibrokk 20,—. A. Nesland 30,—. Sv. Sand 70,—. H. Dalene 100,—. T. A. Nygaard 20,—. O. Turtumøygard 20,—. K. Alstad 20,—. B. Opsahl 20,—. K. Hansejordet 20,—. K. Skeidsvoll 20,—. N. Straatveit 30,—. E. Wiggen 70,—. I. og E. H. Jahr 40,—. A. Kvalheim 50,—. O. Ramse jr. 20,—. P. Hjelle 70,—. E. Kristvik 70,—. E. Myklebust 70,—. A. Frydenberg 50,—. O. Eggen 70,—. O. Åse 70,—. A. Tørå 20,—. T. Moen 50,—. P. Engum 20,—. L. Myklebost 100,—. O. Moi 20,—.

ABONNER PÅ SPRÅKLIG SAMLING!

SPRÅKLIG SAMLING

Abonnement 20 kroner året

Skriftstyrar: Ernst Håkon Jahr
Gabbrovn. 11, 9022 Krokeldalen
Tlf.: (083) 30 483

INNHALD:

- Leiar: Den muntlige undervisninga
i skolen..... side 2
- Innkalling til landsmøte i LSS..... side 3
- Noen merknader om språktilhøve
og språknormering i Danmark..... side 4
Av Geirr Wiggen
- Guilem Rodrigues da Silva: 5 dikt side 7—9
- Noen tanker om dobbeltmedlemskap
Av Tomas Refsdal. Debattinnlegg..... side 10
- Nordisk språksekretariat oppretta..... side 17
- Fråsegn frå LSS om norskfaget i
lærarutdanninga..... side 18
- Gåver..... side 19